



HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 3

12. desember 2012

Årgang 39



Pablo Miranda, instruktør før leikøvinga på januar-tirsdagane

HOLMGANG 2012

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlem:

Audun Rosland

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året, i fall det er stoff nok.

Bladpengar for direkte tinging av papirkopi av bladet: Kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

Stoff-frist til nr. 1 / 2013: Seint i januar!

I dette nummeret:

Framsidedeilete: frå P.M.'s Facebook-side	
Handverksmessa i november	2
Leiarteigen	3
Festtale ved Leikarringens jubileum	4
Program for Leikarringen våren 2013	7
Den stærke slått og Morten Levy	8
Ord frå redaksjonen	15
Annonse	16

Handverksmessa 17.-18. november

BUL Stavanger vil takke alle medlemer for god innsats med handverksmessa vår, både de som stilte opp under messa med kafehjelp, parkering og rigg og rydd, og alle de andre som gjorde ein god innstas med å spreie flygeblad og info om messa. Mykje folk var innom, og dei som hadde tinga plass hos oss var svært fornøgde, i alle fall dei me snakka med under og etter messa. Kafeen var og flittig besøkt, og totalomsetjinga her var kr. 31.400,- for heile helga. I alt 42 deltakarar med 74 modulplassar var med dette året.

Nettoen for helga vart kr. 65.741,- (mot kr. 62.249 i 2011, 58.745,- i 2010 og kr. 57.067,- i 2009), så de ser at dette går betre og betre. Alt no har me fått bestilling på plass til neste år. Ein av deltakarane tinga 3 plassar allereie same dagen som messa slutta, og ei sende oss e-post om ho kunne få bli med neste år, då ho tykte at messa vår hadde slik høg kvalitet.

Igjen, takk for god innsats.

Audun Aarflot

Leiarteigen

Eg vil takka for ein sær s v e l l u k k a jubileumsfest med Leikarringen den 22. september. God stemning og mykje bra dans heile kvelden. Det vart gode høve til å nytta kunnskapen frå polskurset.

Mange medlemmer dukka og opp som ikkje er så ofte å sjå i Siddisstova, og det tykte eg var hyggeleg. Det vart ein del mimring og vi fekk og to gode talar ved Anna Motland og Berit Selvik; takk til dykk, og takk til Leikarringen!

Eg likte godt å sjå mange att i høve handverksmessa førre månaden. Men sjølv sagt var det og kjekt at mange andre folk i området kom innom messa for å handle også, om enn ikkje anna enn for eit godt måltid i kafeen.

Men no er det jammen korte dagar, og er har allereie høyrte litt julemusikk i radioen. Julekaker og marsipan er på plass i butikane. Men det er vel litt juks å kjøpe julekakene. Difor vil vi i BUL halda lefsekurs i desember. Dette er eit eksklusivt kurs for medlemmene, så her gjeld det å vera tidleg ute om ein skal sikra seg plass.

Sjølv må eg tilstå at eg ikkje skal på lefsekurs, så plassen min overlet eg til eit anna medlem. Eg satsar på bakst heima med peiskos i dei mørke kveldane.

Eg vil ønske alle medlemmene ei triveleg førjulstid, og fredfull julehøgtid. Nyt stemninga når vi nærmar oss julemånaden. Det er ingen grunn til å kava seg opp, jula kjem uansett.

Etter den vellukka jubileumsfesten, har styret planar om mer festlege arrangement utpå vinteren. Vi satsar på nok ein fellesfest med Sandnes og Klepp i mars med både varm mat og variert dansemusikk. Her treng vi nok noko hjelp frå medlemmene med kaker. Når det gjeld matstell, så vil

vi satsa på innleid hjelp til både mat, servering og oppvask. På den måten kan alle få delta på festen.

Mogleg vi og kan få til ei samling med andre lag i Rogaland i mars ved å by inn til årsmøte i Rogaland Ungdomslag i samband med festen. Då kjem det sjølv sagt fleire på festen.

Til slutt vil eg gjere merksam på at Det Norske Teateret rundar 100 år i 2013. Dei starta opp teaterverksemda i lokala til Bondeungdomslaget i Oslo i Rosenkrantzgata der Hulda Garborg var ein av frontfigurane. Kva om BUL kunne ta ein tur til Oslo på teatertur neste år? Eg veit at Haugesund Mållag og Ungdomslag tek slike turar, så her er det mogleg å slå seg saman fleire!

Anne Marie



Foto: Anne Marie Nerby

Festtale ved Leikarringens hundreårsjubileum

Gode lagsfolk!

Gratulerer med jubileet. Aktivitetsnivået denne helga og eit blick rundt i salen er nok til å slå fast: vi er ein råsprek hundre-åring! Jamvel om mange av oss har levd meir enn halvparten av dei åra vi feirar, og vel så det.

Tenk 100 år attende. Ein ung mann kjem til byen frå eit småbruk i Forsand. Dei er mange sysken, og han er ikkje odels-guten. Saman med tre yngre brør må han freiste lukka i byen. Det er ein sterk gut, han har vore med og rydda veg med spade, spett og steinbukk. Han veit godt at han er bonde i byen og skil seg ut med bygdemålet sitt, men han skjemst ikkje av det. Han har spela folketonar på munnharpe sidan han var småguten, han har lese Aasen, Vinje og Garborg og er oppteken av målsaka og ideane i venstrerørsla. Ei stund kjenner han seg bortkomen og einsam i bymiljøet. Men så, på ein sundagstur til Ullandhaug, tek han turen innom Kaffistova i Haraldstårnet. Og jammen om han ikkje høyrer forsandmål og treffer på ein gammal skulekamerat. "Bli med i BUL", seier kompisen. Og der finn guten det han søker: eit levande frilyndt ungdomsmiljø. Kvar torsdag held dei lagsmøte med føredrag og debatt om kulturpolitiske emne. Og så skjer det noko meir: Klara Semb kjem til byen og held det første av fleire **leikskeid**. Ho er sterkt engasjert, har ei kraftig songrøyst som ber godt, går alltid i bunad og snakkar normalisert landsmål, Oslo-dame som ho er. Den unge mannen er ein av fleire som blir med i den nye leikarringen. Dei har faste øvingar kvar veke, og det tek ikkje lang tid før dei held framsyningar, m.a. i samarbeid med teateret.

Sjølvsagt er mannfolka i mindretal i rin-

gen. Karen frå Forsand blir ikkje verande ungar lenge: snart mannar han seg opp og frir til den fagre huldra han dansar med. Og kan hende er dette soga om besteforeldra eller oldeforeldra dine? Med eit par små justeringar er det iallfall eventyret om mine. Slik sett er vi kan hende fleire som kan takke Leikarringen for at vi sit her i kveld!



Dei fleste av **oss**, iallfall damene, har hatt bunad frå konfirmasjonen eller endå tidlegare. Men så enkelt var det ikkje i 1912. Kva skulle dei ha på seg? Nokon rogalandsbunad, slik vi kjenner han, var ikkje utarbeidd, og jamvel om det fanst ein levande drakttradisjon i Ryfylke, gjekk det ca. 80 år før dei kleda blei utforska og oppvurderte til festplagg. "Bunadspørsmålet" gjorde at det gjekk litt tregt å få folk med på framsyningar dei første åra. Men så fekk leikarringen bestilt nokre Fana-inspirerte bunader som gutane kunne låne, medan jentene måtte skaffe seg draktar sjølve; anten Hardanger-bunad eller meir sjølvkomponerte stakkar. Eli viser til det eldste biletet som heng nede på tradisjonsrommet og viser ringen pynta til ei framsyning i 1915.

Eg var så heldig å få intervjuje Arne Molaug for Holmgang i 2000. Han melde seg inn i laget allereie i 1931, og blei tatt inn i dansen av Klara Semb, han med. Molaug

fortalde: "Det var songdans som var hovudsaka, men vi lærte og springpols, og suldalsspringar stod på framsyningsprogrammet. I følgje lagslovene skulle det ikkje vere meir enn 4 tilskipingar med runddans i året. Ikkje så populært for dei unge! Dei omgjekk problemet med å danse så mykje turdansar dei bare orka ute på Hafrsro – turdansar blei ikkje rekna som runddans, så då braut dei ikkje vedtektene. Det gjekk helst på åttetur, firetur og reel – Nåde deg viss du dansa tango!"

Sjølv byrja eg i Leikarringen i 1979, etter å ha studert 6 år i Bergen. Farfar min kom til BUL frå bygda, eg kom attende frå storbyen. Felles for oss er at båe ville danse og treffe nye vener i eit fint miljø. Forskjellen er at han såg BUL-engasjementet sitt i eit politisk perspektiv. Det trong ikkje eg. Eg kunne konsentrere meg om å gå her for å ha det kjekt, og det er vel typisk for min generasjon.



Eg har ofte høyrte at gullalderen for Leikarringen var på 70-talet. Altså kom eg med litt for seint til å oppleve dei stemningsfulle dansekveldane på Hafrsro og så stort frammøte på sundagsdansen i Øvre Holmegt. at det var i strid med brannføreskriftene. Men 80-talet var sanneleg spennande nok! Vi blei gripne av dragsugget frå Leikarringen frå første gong vi sette dansefoten innfor døra og flytta nær-

ast inn i BUL. Vi gjekk på **alt!** Det tok til med nybyrjar- og vidaregåande kurs, og så blei det B-gjengen om måndagane, Leikarringen om tysdagane, sundagsdans **kvar** sundag, framsyningar, turar, stemne, helgekurs og alt som godt var. Ein skulle vere halvdød av influensa om ein tillet seg å gå glipp av ein einaste sundagsdans. Dansegleda var over oss og prega nesten kvart steget vi tok.



Eg undrast; kva er **di** beste leikarringoppleving? Eg tykkjer Holmgang skulle lage eit jubileums-nummer der vi kan dele gode minne med kvarandre. Eg kan starte mimringa her:

Var du med på framsyningane i museumsparken då Rogaland Teater sette opp Liti Kjersti av Hulda Garborg, og vi dansa tittelvisa og "Falkvor Lomannson"? Dette var eit spennande oppdrag der vi verkeleg fekk røynt oss og dansa kveld etter kveld. For eit godt samarbeid oss imellom, for ein inspirerande instruksjon av Dag Jostein – og hugsar du den gode maten vi kunne kose oss med etter kvar framsyning?

Slik kan vi halde fram i det uendelege, vi som har vore med så lenge at vi knapt kan



tenkje oss eit liv utan leikarringen. Men vi må ikkje mimre oss vekk eller tru at alt var så mykje betre før. Sant nok, vi var yngre før. Men vi har framleis framifrå instruktørar og spelemenn, det beste danselokalet i byen, og at dansegleda er levande, kjenner vi i beinmargen kvar gong vi møtest i stova vår. Sjølv set eg størst pris på songdansen og bygdedansen. Tenk om vi kunne få fleire yngre menneske til å kjenne det same! Eg trur ikkje Siddis-stova vil ende opp som "Helseheim" for rullator-dansarar om 30 år. Men vi treng nokre odelsfolk å gi kulturarven vår vidare til viss vi vil at det mest livskraftige særlaget i BUL skal feire nytt jubileum om 100 år. Eg trur det er godt håp. Både på landskappleiken og Setesdalskappleiken i år slo det meg kor mange oppglødde ungdomar som var til stades, både som deltakarar og blant publikum. Men eg la og merke til noko anna, som sjølv sagt får ut purist-piggane i både deg og meg: mange av dei unge dansarane blanda gammalt og nytt, til dømes halling og hip hop. Rett foran meg i salen sat to eldre, kjende dansarar frå Setesdal, og i pausen høyrde eg dei drøfte den hip-hoppende lausdansaren: den eine meinte det var ei flott fornying av ein levande tradisjon – og eit bevis på at tradisjonen faktisk lever; den andre kalte det spel for galleriet og popularitets-stunt. Ei ung *jente* dan-

sa halling i ein kort fantasibunad som minte meg om eit sirkuskostyme, men som ifølgje designeren, Åmyri Systoge i Haukeligrend, er ei kreativ modernisering av drakttradisjonen frå Telemark.

Sånn er det: det som er kult for dei unge, er gjerne ukultur for oss gamle. Dei unge vil ha festival, ikkje leikskeid. Men treng skilnaden vere så stor? Dei veit jo ikkje kva dei går glipp av. Viss vi kan få dei med oss ved å by dei noko dei vil ha og veit om, jamvel **salsa**, for så å føre dei vidare inn i kulturarven vår, kva skjer då? Risikerer vi at det oppstår salsaspringar? Er det det verste som kan skje? Tør vi ta sjansen?

"Nåde deg viss du dansa tango!" sa Molaug. Nå arrangerer vi tangokurs. Kanskje tør vi trø eit par steg vidare på den vegen? I alle høve: Ha ei fortsett god jubileumsfeiring alle saman!

Amo

(Festglimt v/ familien Flatabø)



Foto: Jan Dalene

Plan for Leikarringen BUL Stavanger våren 2013

Månad	Dag	Aktivitet	Instruktør	Styreansv.	Kaffi/mopping
Januar	5	Nyttårsdans i Sandnes kl. 19:00			
	8	18:00-19:45 Salsa	Pablo Miranda		
		20:00 Øving	Anne Lise	Magne	Styret
	15	18:00-19:45 Salsa	Pablo Miranda		Anna Motland og
		20:00 Fellesøving i BUL m/ Vibå	Anne Marie	Berit	Halvard Helseth
	22	18:00-19:45 Salsa	Pablo Miranda		
		20:00 Øving + årsmøte	Anne Lise	John Olaf	Styret
	27	Søndagsdans, arr. Leikarringen, musikk: Jæren Frilynde			
	29	18:00-19:45 Salsa	Pablo Miranda		Inger og Magne Hope
		20:00 Øving	Anne Marie		
Februar	5	Årsmøte i BUL kl. 19:00			
	12	Bygdedans og songdans	Dag Jostein		Kjell Fuglestad og Berit Oltesvik
	19	Øving m/ Vibå	Anne Marie		Atle Røe og Måd Kant
	24	Søndagsdans arr. Vibå			
	26	Øving m/ Jæren Frilynde	Anne Lise		Eli og Ole Jan Olsen
Mars	5	Fellesøving i Austråthallen NB kl. 19:30			
	10	Søndagsdans, arr. Leikarringen, musikk: Jæren Frilynde			
	12	Øving	Anne Marie		Irene og Bjarte Holmedal
	16	Fest i BUL saman med Klepp og Sandnes			
	19	Øving m/ Jæren Frilynde	Anne Lise		Ragnhild Lothe og Jan Dalene
April	2	Øving m/ Vibå	Anne Marie		Ragnhild og Helge Ødegaard
	7	Søndagsdans arr. Vibå			
	9	Turdans og 1900-talls dans	Arvid		Astrid Kjølleberg og Livar Voll
	16	Bygdedans og songdans	Dag Jostein		Anne og Harald Kulander
	23	Øving	Anne Marie		Målfrid og John Olaf Grimstvedt
Mai	2	Fellesøving på Klepp kl. 19:30 NB: torsdag			
	7	Øving	Anne Lise		Liv Davidsen og Jan Skår
	14	Øving	Anne Marie		Torill Stordalen og Vera Utne
	17	Framsyningar, fest saman med Klepp i Siddis-stova kl. 19:30			
	21	Øving	Anne Lise		Elisabeth Idsal og Henrik Surdal
	28	Øving	Anne Marie		Aud Løland og Bo Carlin
	Juni	4	Øving	Anne Lise	
11		Avslutningstur			

Instruktører: Anne Marie Nerby, Anne Lise Tveitane, Dag Jostein Nordaker, Arvid Haga

Spel menn: Gaute Hadland og Stig Helgeland


Kaffi/mopping: Lage te og kaffi til pausen og rydde etterpå. Moppe golvet etter øvinga.

Den stærke slått og Morten Levy

Reidar Sevåg

Dansk Musik Tidsskrift **49** (1974-1975) 172-175

Kandidatstipendiat Morten Levy, Københavns Universitet udsendte sidste år en bog (»Den stærke slått«, forlaget Wormianum 1974, 144 s., hvori han fremsætter nogle dristige, men spændende hypoteser om sammenhængen mellem en særlig afgrænset del af de norske slåtter (Setesdal-slåtter, de såkaldte »gorrlause«-slåtter) og middelalderens tidlige flerstemmighed, i særdeleshed den berømte St. Magnus-hymne fra Orkney-øerne. DMT har bedt Reidar Sevåg, Norsk Folke-musikksamling, Oslo Universitet tage stilling til Morten Levys bog.



»Den stærke slått« har Morten Levy kalt sin nyss utkomne bok. Det lyder som en roman. I virkeligheten er det en slags dektivhistorie med adskillige overraskelser. Overraskende vil det vel være for de fleste at en danske har funnet på å gi seg i kast med norske hardingfeleslåtter, en konstellasjon som hos nordmenn lett vil kalle på mistankens skjerpene blikk: Er her mon begått helligbrøde? Danske forskerkolleger vil trolig hefte seg ved at forfatteren i en viss forstand har havnet på villsome veier i forhold til sine etablerte forskerinteresser: Det er en historisk studie som foreligger, fra en mann som tidligere har vist liten interesse for historiske problemstillinger. Allerede valg av emne og opplegg er altså egnet til å vekke nysgjerrighet og reise spørsmål, spørsmål som forfatteren klokkelig har valgt å besvare alt på bokens første sider: »Det som har fået mig til at beskæftige mig med hardingfelemusik er den følelse at stå over for noget ubegribeligt . . . Min situation ligner meget den jeg

ville være i hvis jeg var vokset op i et land der kun kendte Anders And og Goethe, og jeg en dag blev stillet over for mennesker der kunne fortælle de homeriske digte. Det ville være storslået og ubegribeligt, og sådan føler jeg slåttemusikken«.


Det må man kalle litt av en åpning! Hva skal man tro? Det dreier seg dog om folke-musikk, som vanligvis ikke regnes for å være altfor komplisert, og det dreier seg om et naboland man ifølge historiebøkene har delt tykt og tynt med i 400 år, altså ikke om Balkan eller Sardinia. Driver forfatteren utidig kokettering med nordmennene, eller er det et forsøk på å bondefange lesere med lokkende formuleringer på bokens første side? Sagt på en annen måte: Hvor interessant er egentlig norsk hardingfelemusikk? Til det kan en musikketnolog med god samvittighet svare: Ikke all hardingfelemusikk er like spennende, men innenfor det skikt vi kan kalle de arkaiske slåttetyper, fins et veld av eiendommelig materiale, lokkende for enhver som er på

jakt etter stoff utenfor den slagne landevei, og lite bearbeidet videnskapelig. Etter noen års samliv med denne musikk, kan forfatteren samle sine inntrykk i følgende karakteristik: »For mig er den musik særlig karakteriseret ved både henrykkelse og strengheid, og den manifesterer på én gang et umådelig højt intellektuelt niveau og den snævrere mulige sammenvoksen med det bygdelig den i århundreder har tilhørt«.

Denne storartede attest er forfatteren i ferd med å begrunne gjennom et detaljstudium av slåttenes »særlige musikalske logik«, altså en strukturanalyse. For det formål har han valgt seg ut en avgrenset del av nevnte slåttmateriale: en liten gruppe Setesdal-slåtter med sterkt fellespreg. De kalles »gorrlause« fordi bass-strengen er »ekstra løs«, stemt helt ned til f. Norske skjønnere vil komplimentere ham med dette valg. Når sant skal sies, har han – for å bruke et prosaisk bilde – forsynt seg med selve smørøyet i den norske »slåttegrøten«, lagt hånd på en av de mest fascinerende godbitene i norsk folkemusikktradisjon. Resultatet av denne undersøkelse må vi imidlertid bare se frem til, det er nemlig ikke det som foreligger. Nærværende bok skyldes ganske enkelt en avsporing. Forfatteren ble underveis, mot sin hensikt, fanget inn av et merkelig historisk perspektiv på stoffet, så merkelig at han lot seg friste til en langvarig og anstrengende, men åpenbart også spennende jakt på materiale til underbyggelse av den hypotese som etter hvert formet seg i hans hode: hypotesen om en direkte musikalsk sammenheng mellom en gruppe danseslåtter fra det 20. århundres Setesdal og klingende musikk fra 1100-tallets »Noregsvelde«.

Flere utgangspunkter for historisk fabulering forelå allerede i tilknytning til de gorrlause slåttene, trukket frem av tidligere

forskere: Foruten »gorrlaus«-navnet bærer disse slåtter i Setesdal også det eiendommelige navn »Rammeslått« eller »Rammeslag«, og helt til siste århundreskifte sto de for setesdøler som innbegrepet av dansemusikk med ekstatisk karakter og magisk virkning. Samme slåttnavn gjenfinnes i den middelalderske Boses saga, hvor slåtten tillegges samme slags virkning. Og hos Saxo, i en beretning fra Erik Ejegods hoff ca. år 1100, skildres ekstatisk dansemusikk i helt parallelle vendinger, riktignok uten navnet Rammeslag nevnes, men på forunderlig vis har Arild Huitfeldt i sin Danmarckis Rigis Krønike fra 1603 føyet ordet rammeslag til i margin på det sted, hvor han omtaler nevnte Saxo-historie. Her er altså adskillig grunn til å sperre øynene opp og spørre seg om av hvilken art sammenhengen mellom Setesdal-tradisjonen og middelalderen kan være.



Parti fra Setesdal (fotogravyr, 1885)

At de gorrlause slåtter skulle inneholde musikalsk materiale av virkelig høy alder, er i og for seg ingen spesielt dristig tanke. Men moderne forskere er helst skeptiske når det gjelder muligheten for å dokumentere noenlunde håndfaste musikalske overleveringer fra f.eks. middelalderen innenfor skandinaviske folketradisjoner. Man kan vel gå ut fra at forfatteren gikk

i gang med å bygge opp sin indisiekjede først etter at han hadde funnet sitt musikalske »kronvitne« (som vi skal komme tilbake til). Uten det ville det hele vært håpløs gjerning. Men slik boken er komponert, gjemmes dette »clou« til sist, og forfatteren starter forsiktig med å rydde vei, ved å lete frem mulige musikalske støttepunkter og ved å forsøke å eliminere naturlige motforestillinger. Først går han Setesdals-tradisjonen etter i sømmene for å forsikre seg om at de to betegnelser »gorrlause slåtter« og »rammeslag« dekker samme musikalske virkelighet, og for å presisere likheten i kontekst mellom disse slåttene og de to middelalderberetningene. Så griper han fatt i en teknisk-musikalsk detalj i Boses saga: »Da greb Sigurd den streng, som lå tværs over strengene og bad kongen belave seg på Rammaslag«. (s. 34). Enhver som har et begrep om hvordan en harpe fungerer, vil innse det gåtefulle i beskrivelsen. Den meget forsiktige vil si at vi står uten mulighet for å fatte en eventuell mening i utsagnet og at vi derfor bør la det ligge. Når forfatteren ikke vil la seg avspise med dette, er det fordi han her øyner en mulig parallell til omstemningsfenomenet i hardingfelemusikken. Blant de mangfoldige stemmemåter slåttemusikken har benyttet seg av i senere tid, er den gorrlause, med bassen ned til f, en av de sjeldne.

»Det som kalder på en sammenligning, er det forhold, at både Rammeslag og de gorrlause slåtter . . . forudsætter et særligt tonalt materiale, som, ihvertfald for de gorrlause feleslåtters, og efter al sandsynlighed også for middelalderslåttens vedkommende, kommer i stand ved tilføjelsen af en extra tone til det ellers benyttede toneforråd. Den extra tone er af grundlæggende betydning for de gorrlause Den extra tone må også have haft stor betydning

i Rammaslag, siden sagaskriveren overhovedet nævner omstemningen i en kontekst som ellers ikke går i musikalske detaljer«, (s. 35).

Efter slik å ha åpnet for muligheten av en musikalsk forbindelse, spør forfatteren: Men hvordan skal vi tenke oss en islandsk 600 år gammel harpeslått overført til en norsk nutidig feleslått?



Setesdølars dansar gangar (Gustav Wentzel, f. 1891)

For å løse den gåten, må han dukke ned først i den videnskapelige diskusjon om sagalitteraturen, dernest i instrumentproblematikken. For en ikke-spesialist i sagastoff ser det ut som om han gir gode argumenter for det syn at iallfall de relevante deler av Boses saga – bryllups-scenene med spillemannsinnslagene og slåttenavnene – er hentet fra folkesagn og folkeliv langt eldre enn saganedskriften fra 1300-tallet. Boses saga knyttes med mange motiv-bånd sammen med andre fornaldersagaer og med heltesagn fra Eddadiktningen, og det hersker visstnok ikke lenger tvil om at dette fortellestoffet har vært utbredt også i Norge, og av alle landsdeler ser det ut til at Agder, Telemark og Vestlandet har stått sentralest når det gjelder diktekunsten. Nesten alle de gamle

norske skald er knyttet til Sydvest-Norge, det område landnåmsmennene kom fra. Også senere har dette området utmerket seg ved sin rikdom på diktning og fortellstoff. Mange av folkevisene på Agder og i Telemark går tilbake på stoff i fornaldersagaer, og stavkirkeportalene på Agder vidner direkte om denne diktningen: De spenner i sine billedfremstillinger over hele Sigurd Fåvnesbanediktningen.

Forfatteren stiller sammen (etter Finnur Jonsson) de steder i den norrøne litteratur hvor harpen spiller noen større rolle og understreker hvor nær disse harpediktninger står hinannen. Samtidig kan han peke på forhold som direkte forbinder disse harpesagaer med middelalderens Setesdal og Agder, bl.a. at to stavkirkeportaler fra Setesdal viser Gunnar i ormegården som spiller harpe med tærne; videre at stormannen Ragnvald (Kale) Kolsson fra Agder – som blir særlig viktig lenger frem i boken – nevnes som den eneste skald som vi vet kunne spille harpe.



Gunnar spelar harpe med tærne. Detalj i portalen, Hylestad kyrkje

Fantasifull, men vel ikke uforsvarlig, er forfatterens forsiktig formede forslag til forklaring på hvordan Huitfeldt omkring år 1600 kunne forbinde ordet rammeslag

med spillemannsberetningen hos Saxo. Hypotesen er inspirert av den måten historikeren Torfæus kunne »dokumentere« fornaldersaga-fortellingen om Sigurd Fåvnesbanes datter som ble transportert i en harpe til Spangereid (Vest-Agder), oppdratt hos en bonde og senere funnet av Ragnar Lodbrok som giftet seg med henne. I 1664 traff Torfæus folk på Spangereid som ikke bare kjente hovedtrekkene i historien, men som mente seg å stamme fra nevnte »kongedatter«.

På lignende måte, sier Levy, kan Huitfeldt, som hadde god forbindelse med Norge, ha mødt en levende tradisjon om at en spillemann fra Agder engang spilte for en dansk konge som ble så ustyrlig av musikken at han slo fire mann ihjel. Og han føyer til: Hvis det dessuten skulle være en kjerne av sannhet i beretningen, »skulle altså Rammeslag have været kendt omkring 1100«.

Det andre tankekorset, hvordan vi skal forestille oss en musikalsk slåtteeoverlevering fra middelalder til nutid, lar seg ikke løse så tilfredsstillende. Når kom felen til Setesdal? Hvilke instrumenter sto til rådighet i århundredene forut?

Hva skjer med en slått når den overføres fra et instrument til et annet? Hvor meget kan den tåle av slik overføring uten å miste hva man kan kalle dens identitet? Forfatteren redegjør utførlig for instrumentkilder og -hypoteser, men unnlater klokkelig å binde seg til noen bestemt instrument-teori. Istedet presenterer han tre forskjellige, mulige overføringshypoteser hvor henholdsvis harpen, middelalderfelen og strykeharpen danner utgangspunkt og bindeledd til den nyere tids fiolin og hardingfele.

I bokens annen del kaster forfatteren umiddelbart sitt trumf-ess på bordet: »Det

var først etter at jeg gjennom et år eller mere hadde interessert meg særligt for de gorrlause slåtter . . . at det gikk op for mig, at der var visse umiskendelige lighedstræk mellem disse slåtter og den berømte orknøyske Hymne til den hellige Magnus«.

Hymnen, hvis nedskrift vanligvis blir dattert til ca. 1280, står sentralt i den vitenskapelige diskusjon på grunn av den egenartede tistemmmighet: Gjennomført bruk av parallelle terser, men dessuten fordi det også melodisk har vært vanskelig å passe den inn i noen kirkelig – eller folkelig – musikalsk sammenheng. Her kommer forfatterens strukturanalyse av slåttene inn i bildet: »Det, som hymnen ligner de gorrlause slåtter ved er selve den måde tonerne i den er organisert på, dens tonalitet Hvis der ikke med hymnen var tale om en korsats, hvis ikke dens satsbillede var så ikke-instrumentalt, kunne man si, at vi i middelalderhymnen hadde fundet en fjerde gorrlaus. Af den art er forbindelsen«, (s. 81, 83).



Frå manuskriptet til Magnushymna

I et appendix gjennomfører forfatteren den teknisk-musikalske analyse og sammenligning som skal dokumentere hans påstand.

Men hva har Setesdal med Orknøyene å gjøre? Igjen har forfatteren må-

tet orientere seg i et nytt spesialelemne: Orknøyenes historie på 1100- og 1200-tallet og forholdet til Agder. På ny ser det ut til at forbindelseslinjene er klare og direkte. Vi får den dramatiske historie om hvordan Agder-stormannen Ragnvald (Kale) Kolsson i 1130-årene gjennomførte et politisk kupp på Orknøyene og overtok makten. I forlengelsen av Nils Wallins synsmåter (STM 1961) plasserer forfatteren Magnushymnen midt i det politiske spill og gir, for egen regning, hymnen propagandafunksjon: » . . . netop det, at Magnushymnens komponist (som forfatteren mener kan være Ragnvald selv) har benyttet de ramme slåtter som forlæg, gjør hymnen til et sjældent gjennomført eksempel på, hvordan politisk-ideologisk, propaganda lader sig føre med musikalske midler«, (s. 95).

Dermed har forfatteren sluttet sin ring: Levende Setesdal-slåtter er knyttet sammen med norsk, dansk, islands og orknøysk middelalderkultur. Er bevisførselen bærekraftig, får det betydning ikke bare for vår kunnskap om Magnushymnen, Bose-sagaens Rammaslag og de gorrlause slåtter, det får konsekvenser også for diskusjonen om utviklingen av tidlig kirkelig flerstemmighet, særlig gymelens opphavsproblem, dessuten for synet på norsk sangtradisjon som hittil har vært uten holdepunkter for gammel flerstemmighet.

Hvor mye skal man så våge å tro på av dette fantasifulle – for ikke å si fantastiske – puslespill, hvis gebrekkelighet forfatteren er klar over, men ikke desto mindre satser sitt rykte på? Det faste utgangspunkt er analysen av gorrlausenes melodiske struktur. Den er det intet å si på. Problemet er om strukturen er særpreget nok og tilstrekkelig lik Magnushymnens til å sannsynliggjøre en historisk forbindelse som det

ad andre veier også er åpnet en mulighet for. Gorrlaus-strukturen er meget spesiell for moderne ører. Forfatteren sammenligner både små og store trekk. Han viser at både hymnen og slåttene har tre hovedavsnitt hvorav det midterste hever seg opp over de to andre. Dette er selvsagt et så alment forhold at det alene ikke har noen bevisverdi. Han viser også at begge viser et »slyngnet« bevegelsesmønster, vesentlig bygget på skiftende ters- og sekundskritt.

Det er ikke snakk om identitet i bevegelsene, men mer om likhet i konstruksjonsprinsipp. Dette prinsipp, denne formeloppbygning må imidlertid gorrlausene – og hymnen – dele med hovedmengden av all gammel instrumental folkemusikk i Norge. Og hvor utbredt prinsippet kan ha vært ellers i Nord-Europa, er ikke godt å ha noen mening om. Videre trekkes tonearts- eller skala-forholdene inn. Fra tidligere diskusjon om hymnen står den »lydiske« kvart sentralt i bildet. Forfatteren har kunnet glede seg over at alle gorrlausvariantene spilt på fele – dog ikke den sungne versjon – har denne kvarten gjennomført, men han har nok visst for meget om intervallproblematikken i norsk folkemusikk til å gjøre noe nummer av dette samsvaret. Det som blir igjen av virkelig betydningsfull likhet, og det som klart skiller gorrlausene ut som slåttegruppe, er utformningen av den midtre del hvor rammeintervallene utgjøres av grunntone og seksten over, med stor ters og forstørret kvart i viktig posisjon, mens kvintan har liten vekt, enda mindre i slåttene – hvor den ofte er »svevende« – enn i hymnen som tross alt, etter kadensering på seksten, starter »nedgangen« med en markert kvint. Slåttens melodiske løp er i det hele mer »ubegribelig« enn hymnens. Dennes tostemmighet, og det at den bare eksisterer på papir i middelaldernotasjon,


gjør imidlertid sammenligningen temmelig problematisk. Jeg er likevel tilbøyelig til å gi forfatteren rett i at vi står overfor en strukturellhet av såpass spesifikk karakter, at man bør være åpen for muligheten av historisk slektskap av en eller annen art. Det er en fortjeneste at han har oppdaget denne likhet under så vidt forskjellige fremtredelsesformer, og det bør iallfall være grunn til å anta at den gamle hypotese om folkelig bakgrunn for Magnushymnen, nordisk eller britisk, må være blitt noe styrket gjennom dette arbeidet. Forsøket på å plasere hymnen helt konkret i tid og omstendigheter er utvilsomt frimodigere enn noe tidligere plaseringsforsøk. Om det er urimeligere, vil jeg overlate til andre å bedømme.



Strykeharpespeler som syng (frå Nidarosdomen)

Så lenge det er tale om sammenligning med Magnushymnen, opererer forfatteren nødvendigvis med relativt abstrakte tonalitetens mønstre. Han tyr til maqam-begrepet for å begrunne hvordan den tilsynelatende fredelige hymne kan ha fått overført på seg den gorrlause tonalitetens hedenske og magiske assosiasjoner. Det er en tankevekkende henvisning, selv om sammenligningen mellom maqam og gorrlaus tonalitet befinner seg på overflaten og det forhold som søkes begrunnet er helt hypotetisk. Når det gjelder forholdet til Bosesagens Rammaslag, virker det som om han har hatt lyst til å tenke langt mer konkret,

nesten som om middelalder slåttene skulle ligge tett opp til deler av »Norafjells«, den best kjente av de tre gorrlausene. Det henger sammen med gorrlausenes sterkt idiomatiske felekarakter og forfatterens manglende lyst til å gå inn på hvilke sannsynlige forandringer bruk av andre instrumenter ville føre med seg, forøvrigt et såre vanskelig kapittel å innlate seg på. Forfatterens hjerte henger derfor ved hypotesen om et virkelig gammelt strykeinstrument som forløper for fiolin og hardingfele og medium for middelalder slåttene. Det er neppe den mest nærliggende mulighet, dersom man vil knytte forbindelsen helt tilbake til 1100-tallet på norsk jord. Ikke engang 400 år senere har vi noe konkret grunnlag for å plassere strykeinstrumenter i Setesdal. I min tanke er sannsynligheten langt større for lyre og harpe, de instrumenter som vi må anta også dekkes av sagaenes harpebetegnelse.



I ei Setesdalsstove (Carl Sundt-Hansen, ca. 1900).
Kona spelar langeleik

Særlig hvis vi tar utgangspunkt i de ytre

områder av Agder – som ligger langt fra Setesdal – og i de sosiale lag som Ragnvald Jarl hørte hjemme i, må vi ha lov til å tro på en sammenhengende tradisjon så langt tilbake som til 1100-tallet når det gjelder bruk av iallfall et eller annet strengeinstrument. Og dette er tilstrekkelig for forfatterens hypotese, selv om instrumentet og det tilhørende slåttrepertoire skulle ha kommet adskillig senere til det indre Setesdal. Jeg tror ikke at f.eks. eventuelle harpeslåttene nødvendigvis må ha fått sin musikalske identitet gjennomgripende forandret ved overføring til strykeinstrument. Noe har selvsagt skjedd, men om dette kan vi bare fabulere. Det er f.eks. fristende å dvele ved den tanke at man på en harpe kan spille den fascinerende kontrarytme som i gorrlausene fremkommer i forholdet mellom fottramp og buefrasering. Og dersom middelalderisk harpespill – lik middelalderisk, og senere folkelig, spill på strykeinstrumenter – har benyttet bordun og vekselbordun, har det teoretisk kunnet skje mer logisk-musikalsk, mindre teknisk bestemt, enn på strykeinstrumentene. Her rører vi ved det gorrlause element – den dype f-bordun – som forfatteren gjør til et hovedpunkt i hypotesen om omstemning som forbindende element til middelalderen. Han ser senkningen av basstrengen en tone som en rimelig parallell til den ekstra »tverrstreng« sagaen nevner og tolker det slik at begge betyr »utvidelse av tonematerialet med en tone«. Bortsett fra problemet med å ta sagaskriveren alvorlig, får forfatterens utsagn mening bare hvis man tenker i felebaner, eller tenker seg en bordunbruk på harpe lik den på felen, begge deler mer enn hypotetiske. Det dreier seg nemlig ikke om utvidelse av tonematerialet i melodisk forstand. På felen spilles slåttene innenfor vanlig toneomfang, men fordi

den strukturelle hovedtone har fått en uvanlig plasing (f) og man ønsker å styrke denne med bordun på oktaven under, må basstrengen senkes. Til å sannsynliggjøre at disse to feletekniske trekk i gorrlausene har konkret sammenheng med den slåtte-tradisjon som må ha gått forut, er nok sagaens »tverrstreng« i tynneste laget. Men så bør det føyes til, at hvis et 3-strengt middelaldersk strykeinstrument har vært et ledd i den kjede som har overført rammeslag til fiolin og hardingfele, er det grunn til å tro at slåtten der har hatt samme plasing og stemmemåte: f – d – a', så teknisk-logisk og så kunstnerisk virkningsfull er denne plasing.

Nå fins det mere grunnleggende problemer knyttet til sagaens Rammaslag: Er det rimelig å forestille seg at sagaskriveren og hans lesekreter, eller alle de som kan ha hørt og fortalt historien i århundredene forut, forbandt den med konkret musikk? Eller har den fungert bare som sagn- og dikt-motiv? Folklorister av fag vil muligens etterlyse et større perspektiv på denne type av sagnmotiv og en mindre selektiv behand-

ling av emnet. Man kan også spørre om ordet ramm er så sjeldent at det som slåttebetegnelse bør gis vekt som indisium til å forbinde 1300-tallet med 1800-tallet. I Norge brukes fremdeles ramsalt sild og ramsvart kaffe, og her er en mengde mennesker som er ramme i en eller annen henseende. Tilbake står likevel det faktum at et rammeslag bare er kjent fra Setesdal, og at slåtten i hele sitt vesen er så arkaisk som noe man kan finne i norsk folkekultur.

Mange vil sjarmes av forfatterens fantasi og dristighet og hans pedagogiske tilretteleggelse av stoffet. Mange vil vel også fristes til å kalle byggverket et korthus. Men uansett hvor meget som blir stående, er det fortjenstfullt at forfatteren har våget seg ut på et så vanskelig tilgjengelig emne. I dag lever hardingfelemusikken sterkest i områder hvor felen for alvor slo igjennem først på 1700-tallet. At det ikke er noen »1700-tallsmusikk«, springer i ørene på enhver. »Den sterke slått« har aktualisert praktisk talt alle de problemer som knytter seg til slåttenes mørklagte forhistorie. Det vil utvilsomt få varige virkninger.

Ord frå redaksjonen

Holmgang fekk løyve frå Reidar Sevåg til å trykke denne bokmeldinga. Morten Levys arbeid står sentralt i diskusjonen om rammeslåttane i Setesdal har opphav i tidleg nordisk mellomaldermusikk. Illustrasjonane er skanna frå boka.

Spelemenn som Hallvard T. Bjørgum arbeider i dag aktivt med hypotesen. Sjå tekstinneleggene i CD'ane "Skjoldmøyslaget" og "Free Field": I den sistnemnde trekker Bjørgum linene vidare til folkemusikk frå Aserbajdsjan. Under årets Setesdalskappleik på Rysstad, var det 27. juli eit seminar om opphavet til rammeslåttane, med foredrag ved Hallvard Bjørgum, Gunnar Stubseid, Morten Levy, og historikaren Torgrim Titlestad ved UiS.

j.



Hallvard T. Bjørgum

B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla 4090 Hafsfjord

